



Årsmelding 2004

Annual Report 2004

Nynorsk omsetjing: Bård Eskeland
Produksjon: Beta Grafisk AS
Foto: NIH

Norges idrettshøgskole
The Norwegian School
of Sport Sciences

Postadresse:
P. O. BOX 4014 – Ullevål Stadion
NO-0806 Oslo

Besøksadresse:
Sognsv. 220

Tel.: (+47) 23 26 20 00
Fax.: (+47) 23 26 42 20
www.nih.no



Innhald

Dette er Noregs idrettshøgskole	4
Rektors innleiing	6
Året 2004 i korte trekk	7
Årsmelding frå styret	8
Styringsorgan og administrasjon	8
Organisasjon og miljø	8
Høgskolens verksemd og resultat	11
Strategiske planar og utfordringar	17
Årsrekneskap 2004	22
Frå institutt til seksjonar	34
Ja, vi trivst	38
Doktorgradar	39
Vitskaplege publikasjonar	40
<i>English summary; Annual report</i>	<i>45</i>



Dette er Noregs idrettshøgskole

Noregs idrettshøgskole er ein vitenskapleg høgskole. Det inneber at NIH har eit særleg, nasjonalt ansvar for forskning og høgare utdanning på det idrettsvitenskaplege fagfeltet. NIH nyttar eit breitt spekter av disiplinær, fag og praktiske aktivitetar. Verksemda til høgskolen er avgrensa til idrett, kroppsøving, leik, friluftsliv, dans, trening og andre former for rørsle.

Studieprogramma til NIH skal gje god og relevant profesjonskunnskap og kompetanse. Dei utdannar mellom anna for oppgåver som kroppsøvingslærar, trenar i idrett, leiar og administrator i idrettsorganisasjonar og offentleg forvaltning, rettleiar i friluftsliv, rådgjevar og rettleiar i helsevesenet, instruktør i treningssenterbransjen og forskar og lærar innanfor høgare utdanning.

Søkinga til studia ved NIH er god, og karakterkrava til opptak viser at vi rekrutterer studentar som har gode studieførsetnader. Dei nye studieprogramma på bachelor- og masternivå har spennande

undervisnings- og vurderingsformer og gjev studentane mykje å velje mellom. Den positive utviklinga viser seg òg i auka produksjon av studiepoeng.

I september 2004 leverte ei internasjonal evalueringsgruppe ein rapport om høgskolen si forskning. Rapporten konkluderer med at NIH har fleire sterke miljø som er på topp også internasjonalt. Talet på publikasjonar i internasjonale tidsskrift er meir enn dobla dei siste to åra. Dei tilsette ved høgskolen er aktive i internasjonale forskarnettverk. NIH arbeider aktivt med forskingskommunikasjon og formidling på utdannings- og forskingsområda våre.

Bygga og idrettsanlegga til NIH ligg ved Sognsvann, med Nordmarka som næraste nabo og samstundes med stutt veg til Oslo sentrum. Dette skaper framifrå vilkår for fysisk aktivitet i samband med studium og forskning.



Hovudtal frå verksemda til NIH

	2000	2001	2002	2003	2004
Studentar¹	755	643	862	935	1257
• Grunnfag/BA1	104	108	112	127	131
• Annan lågare grad (inkl. BA2 og deltidsstudium)	385	368	521	612	952
• Hovudfag/master	242	136	191	157	129
• Doktorgrad	24	31	38	39	45
Produksjon					
• Årseiningar à 60 studiepoeng ²	454	452	454	581	634
• Hovudfagskandidatar	47	40	44	40	39
• Doktorgradskandidatar	4	9	1	5	8
• Artiklar i internasjonale vitenskaplege tidsskrift	31	32	27	57	74
Tilsette, årsverk³					
• ordinær verksemd	157,3	142,2	155,8	161,0	166,6
• oppdragsverksemd	19,2	19,9	17,7	14,0	10,0
• kvinneandel	36,5%	37,6%	38,6%	36,2%	36,3%
Omsetning, mill. kr⁴					
• ordinær verksemd ⁵	89,6	91,6	97,2	118,7	127,8
• oppdragsverksemd ⁶	11,8	13,6	16,8	12,7	14,1

Kjelde: Database for statistikk om høgare utdanning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste

¹ Eigen- og eksterntfinansierte studentar og personar utan studierett

² Eigen- og eksterntfinansierte, nye 60-studiepoengseiningar

³ Fast og mellombels tilsette

⁴ 2000–2001 målt i utgifter; 2002–04 målt i inntekter

⁵ Inkl. kurs- og utleigeverksemd

⁶ Inkl. verksemd finansiert av NFR



Rektors innleiing

Året 2004 har vore eit spennande år for Noregs idrettshøgskole. Sektoren er i omstilling og endring. Vi står overfor utfordringar som gjer at vi må endre tradisjonelle tenkjemåtar og handle på nye måtar. Eg skal i denne innleiinga peike på tre gledelege og ei ikkje fullt så gledeleg hending i året 2004.

Vi har styrkt posisjonen vår innan forskning. Pr. 31.12 hadde NIH 45 doktorgradskandidatar. Det vart teke åtte doktorgradar i 2004. Det vil seie at vi auka innsatsen på doktorgradsprogrammet. Ei internasjonal evalueringsgruppe leverte ein rapport om NIHs forskning den 30. april 2004. Rapporten konkluderer med at NIH har fleire sterke miljø som er på topp også internasjonalt. Publikasjonane til NIH ligg høgare på siteringsindeksen enn ein skulle vente. Samla sett har vi ein forskingsproduksjon vi kan vere nøgde med, sjølv om han varierer mykje frå fagfelt til fagfelt. Senter for idrettsskadeforskning, som er knytt til Seksjon for idrettsmedisinske fag, fekk toppkarakter i ei eiga internasjonal evaluering. Talet på publikasjonar i internasjonale refereetidsskrift er meir enn dobla dei siste to åra. Det vil seie at ulike tiltak som er iverksette i siste planperiode, har hatt verknad.

NIH er ikkje berre ånd, men òg kropp. Vi forskar, men det blir òg trena her. For mange var det knytt ein viss nostalgi til det gamle styrketreningsrommet vårt. Det var godt innsett med sveitte, prega av slitasje og med velbrukt trenings-

apparatur. Hausten 2004 vart styrketreningsrommet ombygd, utvida og oppgradert. Vi fekk større areal, nytt utstyr og særskilde rom for spinning og aerobics.

Det mest spennande for mange var likevel at vi i 2004 fekk på plass ein helt ny organisasjonsstruktur med fem seksjonar og tilsette seksjonsleiarar med ansvar for både fag, personale og økonomi. Vi fekk på plass dugande leiarar som i lag med prorektor og direktør utgjer leiargruppa til rektor, og som blir ein viktig ressurs for betre styring og leiing ved NIH.

Våren 2004 hadde vi besøk av NOKUTs evalueringskomité, som fann ut at kvalitetssikringssystemet vårt måtte betrast på visse punkt og implementerast i den nye organisasjonen vår. Hausten 2004 har arbeidet med implementering av kvalitetssikringssystemet stått sentralt i dei nye seksjonane og i heile organisasjonen. Kvalitet og kvalitetssikring blir eit viktig element i utviklinga av høgare utdanning i framtida, og vi vil prioritere dette høgt i den nye planperioden vi går inn i.

Gunnar Breivik
Rektor



Året 2004 i korte trekk

- Den faglege verksemda til NIH vart organisert i fem nye fagseksjonar, medan ho før var organisert i to institutt. Det vart tilsett seksjonsleiarar med heilskapleg fagleg og administrativt ansvar.
- Søkinga til studia ved NIH var god, og studenttalet auka med 34 prosent. Auken skreiv seg i hovudsak frå dei deltidsbaserte vidareutdannings-tilboda.
- Produksjonen av studiepoeng var stabil, medan talet på uteksaminerte kandidatar auka kraftig, mest på grunn av omlegging frå 4-årig til 3-årig lågare grad.
- Det vart arbeid vidare med å auke studentutvekslinga. Omfanget er framleis lågare enn ønskeleg, endå vi har utvekslingsavtale med mange utanlandske institusjonar.
- NIHs system for kvalitetssikring av studia vart vurdert av NOKUT. På grunn av utilstrekkeleg implementering vart systemet ikkje godkjent. Systemet blir vidareutvikla og skal implementerast med sikte på godkjenning i 2005.
- Kursinntektene frå etter- og vidareutdanning vart meir enn dobbelt så høge som i 2003. Særleg var auken stor når det galdt instruktørutdanning til fitness-bransjen.
- 12 nye studentar vart tekne opp på doktorgradsstudiet. Hausten 2004 hadde NIH 45 doktorgradsstudentar, og åtte kandidatar disputerte i 2004.
- Auken i NIH-tilsette sin produksjon av artiklar, fagbøker og andre vitenskaplege publikasjonar heldt fram i 2004. Talet på artiklar i internasjonale vitenskaplege tidsskrift auka med 30 % frå 2003.
- Det vart gjennomført ei ekstern forskningsevaluering av fagmiljøa ved NIH. Konsentrasjon av NIH sine forskingsområde og samarbeid på tvers av fagmiljøa vart framheva som kritiske suksessfaktorar.
- 2004-rekneskapen viste eit overskot på kr 55.000. Frå den løyving-finansierte verksemda vart det overført unytta midlar på 7,8 mill. kroner disponert til NFR-prosjekt, anleggsmessige utbetringar og forskings- og undervisningsføremål.
- Fleire store anleggsmessige utbetringar vart gjennomførde, mellom anna rehabilitering av styrkerom og gym-salar, brannsikring og etablering av elektronisk tilgjengekontroll. Også i 2004 sleit NIH med store vedlikehaldsbehov på eit anlegg som studie- og forskingsaktiviteten er heilt avhengig av, og som kvalitetsreforma har auka krava til.



Årsmelding frå styret 2004

STYRINGSORGAN OG ADMINISTRASJON

Samansetninga av Høgskolen sitt styre i 2004

Rektor og styreleiar	Gunnar Breivik. <i>Professor</i>
Prorektor	Inger Åshild By. <i>Førsteamanuensis</i>
Vitskapleg tilsette	Marit Sørensen. <i>Førsteamanuensis</i> Arne Børgeesen. <i>Høgskolelærer</i>
Teknisk og administrativt tilsette	Tore Sundby. <i>Seksjonsleiar</i>
Studentar	Christian Nilsen Kari Anne Kvam
Eksterne medlemmer	Sven Mollekleiv. <i>Personaldirektør</i> Kari Kjenndalen. <i>Generalsekretær</i> Magnhild Sundli Brennvall. <i>Avdelingsdirektør</i> Leif Rosén. <i>Generalmajor</i>

Fagleg og administrativ leiing

Den faglege verksemda ved Noregs idrettshøgskole vart i 2004 omorganisert. Frå å ha vore organisert i to institutt – Institutt for idrettslege og biologiske fag og Institutt for samfunnsfag – er verksemda no inndelt i fem fagseksjonar. Fagseksjonane har åremålstilsette leiarar med eit heilskapleg fagleg og administrativt ansvar. Instituttråda vart lagde ned i samband med omorganiseringa, og det er ingen styre eller råd tilknytte dei nye fagseksjonane.

I tillegg til høgskolen sine fem fagseksjonar kjem Forsvarets institutt, som er eit samarbeid mellom NIH og Forsvaret. Forsvarets institutt har ansvar for å gjennomføre fagutvikling, utdanning og styring av militær idrett i samsvar med Forsvaret sine behov.

Den administrative verksemda ved Noregs idrettshøgskole er leidd av administrerende direktør Baard Wist.

Administrasjonen er inndelt i fire avdelingar: Plan- og økonomiavdelinga, Driftsavdelinga, Studieavdelinga og Avdeling for forskingsforvaltning og dokumentasjon. Etter- og vidareutdanningsverksemda er organisert som eit senter under Studieavdelinga. I 2004 vart det oppretta ei informasjonseining som ein stabfunksjon under direktøren.

ORGANISASJON OG MILJØ

Organisasjonsutvikling

Den nye organiseringa av fagleg verksemd i fem seksjonar har vore operativ sidan august 2004. Seksjonsinndelinga er uttrykk for ei strategisk satsing på dei fagfelte som blir rekna for å vere høgskolen sitt nasjonale hovudansvar både når det gjeld forskning og utdanning. Seksjonane har følgjande faglege fokus:

- Seksjon for fysisk prestasjonsevne skal – med utgangspunkt i fag som biomekanikk og fysiologi og på bakgrunn av kunnskap om praksisfeltet – skaffe kunnskap om rørsleløysingar og prestasjonsutvikling på ulike nivå av fysisk aktivitet og idrett.
- Seksjon for idrettsmedisinske fag studerer korleis fysisk aktivitet i ulike former kan bidra til å utvikle den fysiske og psykiske helsa, førebyggje sjukdom og vanhelse og auke livskvaliteten hos menneske med ulike slags lidningar.
- Seksjon for coaching og psykologi skal – med utgangspunkt i psykologisk, pedagogisk og praksisrelatert kunnskap – ha hovudfokus på utvikling av kunnskap om trening og treningsåttferd i ulike grupper i befolkninga, både hos born, unge, eldre og toppidrettsutøvarar.
- Seksjon for kroppsøving og pedagogikk skal syte for at høgskolen si utdanning

innanfor kroppsøving, friluftsliv og funksjonshemming har eit solid forskingsgrunnlag.

- Seksjon for kultur og samfunn skal ha eit forskingsfokus på dei filosofiske, historiske og samfunnsmessige vilkåra for utvikling av fysisk aktivitet og idrett.

Til no har røynsle med den nye organiseringa vore svært positive. Dei fagleg tilsette får ei betre oppfølging, og organiseringa legg til rette for spennande tverrfaglege grupperingar.

Tilsette ved NIH

Tabellen nedanfor viser årsverk ved NIH hausten 2004. Undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingane utgjør 45 prosent av dei 176,6 årsverka ved høgskolen. Medrekna støttestillingar og timelærarar er prosenten 54. Av fast vitskapleg tilsette har 69 prosent professor- eller førsteamanuensiskompetanse. Kompetansen til dei tilsette spenner over eit breitt spekter av det idrettsvitskaplege fagfeltet.

Årsverk NIH pr. 1. oktober 2004

Stillingstype	Grunnbudsjett		Eksternt finansiert	Samla tal	
	Fast tilsatt	Mellombels tilsatt			Pst. kvinner
Undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar	39,1	31,2	8,8	79,1	33,6
- professor	11,6	1,0	0,3	12,9	23,3
- førsteamanuensis	15,5	3,6		19,1	48,2
- høgskolelærer	4,0	1,5		5,5	36,4
- stipendiat		21,3	5,7	27,0	34,4
Støttestillingar for undervisning, forskning og formidling	10,8	1,7		12,5	40,0
Drifts- og vedlikehaldsstillingar	24,0	1,0		25,0	4,0
Administrative stillingar	43,1	12,4	1,2	56,8	54,8
- Leiarar	1,0			1,0	
- Mellomleiarar	14,0	2,0		16,0	43,8
Andre stillingar	1,3	2,0		3,3	15,2
Samla tal stillingar	118,3	48,3	10,0	176,6	36,3



Noregs idrettshøgskole har ein eigen handlingsplan for likestilling, i tillegg til eit velfungerande likestillingsutval. Planen er ein del av strategisk plan og blir revidert i 2005, når det skal lagast ein ny strategisk plan.

Kvinneandelen i undervisnings- og forskarstillingar ligg, som tabellen viser, på 33,6%. Framleis er talet lågast blant professorar, og det er ei prioritert oppgåve å auke kvinneprosenten i dei høgaste vitenskaplege stillingskategoriane.

Høgskolen tilsette i 2004 leiarar for dei nye fagseksjonane i åremålsstillingar. Det var berre ein kvinneleg søkjar til dei fem utlyste stillingane, og alle stillingane vart fylte av menn.

Tabellen nedanfor viser kjønnsfordelinga i leiarstillingar pr. 1. oktober 2004:

	Menn	Kvinner
Direktør	1	0
Avdelingsleiar*	1	4
Fagseksjonsleiarar	5	0
Sum	7	4

*Det var pr. 1. oktober 2004 ikkje tilsett studiesjef. Leiar for studieseksjonen og leiar av Senter for etter- og vidareutdanning blir difor rekna som avdelingsleiarar. Det er pr. 1.1.2005 tilsett kvinneleg studiesjef.

Helse, miljø og tryggleik

Noregs idrettshøgskole har vedteke HMS-politikk og har etablert eit velfungerande arbeidsmiljøutval og ei verneombodsordning. Høgskolen arbeider heile tida for å betre arbeidsmiljøet både for tilsette og studentar.

Det vart i 2004 gjort ei risikovurdering for

å få oversikt over dei mest risikofylte aktivitetane og for å førebyggje skadar blant tilsette og studentar. I 2004 byrja høgskolen òg å installere eit kortbasert låssystem for å halde uvedkomande ute av bygget. Det er etablert ein brannvernorganisasjon med brannsikringsansvarlege og rømmingsansvarlege knytte til dei ulike bygningsdelane.

Høgskolen hadde i 2004 eit samla sjukefråvær på 5,1 %. Av dette var 1,2 % sjukefråvær innanfor arbeidsgjevarperioden (1–16 dagar), medan 3,9 % av sjukefråværet gjekk utover arbeidsgjevarperioden (>16 dagar). Til saman 12 personar har vore sjukemelde utover arbeidsgjevarperioden, medan fem har vore sjukemelde i meir enn åtte veker. Noregs idrettshøgskole har ikkje inngått samarbeidsavtale om inkluderande arbeidsliv, men høgskolen har egne retningslinjer for oppfølging av sjukefråvær.

NIHs læringsmiljøutval, som er samansett av to tilsette og to studentar, har oppnådd gode resultat i arbeidet med utvikling av bygningar og anlegg. Vidare har LMU vore ein pådrivar for å betre lærings situasjonen til studentane gjennom miljøbyggjande tiltak, forpliktande samarbeid mellom tilsette og studentar og god kommunikasjon i alle ledd. LMU følgjer opp høgskolen sin handlingsplan for funksjonshemma studentar. Handlingsplanen er under revisjon, og revidert plan er ferdig våren 2005.

Ytre miljø

NIH driv ikkje verksemd som ureinar det ytre miljøet. Omsyn til miljøet er integrert i drifta og undervisninga til høgskolen.

Høgskolen har no eit velfungerande varmepumpeanlegg etter at systemet vart utbetra i 2004. Delar av regulerings systemet er ombygd for å auke effekten av og betre varmfordelinga frå varmeanlegget. Dermed blir energiforbruket minska.



I løpet av 2004 vart alle lysarmaturar som inneheld PCB, skifte ut. Utskiftinga av PCB-armaturar har ført til halvering av talet på lyskjelder og ei merkande betring av lyskvaliteten. Dei PCB-haldige armaturane er handterte som spesialavfall og leverte til avfallshandtering.

Som følgje av NIHs plan for avfallshandtering og kjeldesortering bygde høgskolen i 2003 ein miljøstasjon for komprimering og sortering av avfall. Anlegget gjev reduserte deponiavgifter.

HØGSKOLENS VERKSEMD OG RESULTAT I 2004

Den økonomiske stoda for høgskolen

Rammevilkår

Sidan 2002 har Noregs idrettshøgskole fått unntak frå statens bruttobudsjetteringsprinsipp. Som nettobudsjettert institusjon får NIH ei nettoløyving over utgiftspost 50 på statsbudsjettet. I tillegg får verksemda fullt ut over eksterne inntekter til sine egne føremål.

NIH er hovudsakleg finansiert av statlege grunnløyvingar. I tillegg får høgskolen nokre øyremerkte offentlege tildelingar, kursavgifter til delvis inndekking av kostnader til høgskolen sine etter- og vidareutdanningsaktivitetar, leigeinntekter frå eksterne brukarar av høgskolen sine anlegg, og inntekter frå eksterne oppdragsgjevarar for forskings- og utgreiingsoppdrag som NIH tek på seg.

Årsrekneskapen for 2004 – prinsipp og uvissemoment

NIHs årsrekneskap for 2004 er utarbeidd i samsvar med prinsippa i rekneskapsloven, med dei tilpassingane som tilknytingsform og andre avgjerande tilhøve krev. Det knyter seg ikkje spesielle uvissemoment til rekneskapen, og det er ikkje rekneskapsført ekstraordinære inntekter eller kostnader. Etter at rekneskapen for

2004 vart avslutta, har det heller ikkje skjedd noko som kan påverke høgskolen si økonomiske stilling i nemnande grad.

Omfang og resultat av NIHs løyvingfinansierte verksemd

NIH har for verksemdsåret 2004 fått løyvingar frå UFD på 107,3 millionar kroner. Drift og vedlikehald av NIHs bygg og anlegg blir stort sett finansiert med denne grunnløyvinga. Men høgskolen både ønskjer og er økonomisk avhengig av å stille anlegget til disposisjon for eksterne leigetakarar når det ikkje blir nytta til undervisning og forskning. Denne utleigeverksemda gav i 2004 NIH inntekter på 6,8 millionar kroner. Som eit ledd i avtalen NIH har med Forsvaret, får NIH eit driftstilskot som i 2004 var på 3,3 mill. kroner. NIH får òg tilskot frå Noregs forskingsråd (NFR) til finansiering av forskingsprogram og -prosjekt. I 2004 er det motteke tilskot på 2,9 mill. kroner.

NIHs løyving- og tilskotsfinansierte verksemd hadde ved utgangen av rekneskapsåret unytta midlar på 7,8 millionar kroner som er overførte til 2005. Delar av denne avsetninga er bunden opp i pågåande verksemd. Det gjeld NFR-avsetningar på 1,8 millionar kroner og midlar frå UFD som er øyremerkte til brannsikring og anna vedlikehald av anlegget (1,4 mill. kroner). Andre avsetningar ligg det ikkje eksterne føringar på, og styret ved NIH disponerer dei til forskings- og undervisningsføremål og til utbetring av anlegg.

Omfang og resultat av NIHs eksternt finansierte verksemd

I 2004 hadde den eksternt finansierte verksemda ei omsetning på 20,3 millionar kroner. 11,3 millionar av omsetninga kjem frå forskings- og utgreiingsoppdrag for organisasjonar, verksemdar og statlege etatar. Etter inndekking av direkte og indirekte kostnader viste oppdragsverksemda eit overskot på 0,6 millionar kroner.



Kursverksemda hadde ei omsetning i form av kursavgifter på 9,0 millionar kroner, og det er ein auke på 5,1 millionar. I tillegg til kursavgifter dekkjer NIHs grunnløyving noko av kostnadene ved den studiepoenggejvande vidareutdanningsverksemda.

Resultatdisponeringar

Rekneskapan for Noregs idrettshøgskole for 2004 viste eit resultat på 55.000 kroner. Resultatet omfattar overskot frå oppdragsverksemda på 565.000 kroner fråtrekt bruk av tidlegare avsett eigenkapital ved einingane på 510.000 kroner. Resultatet blir avsett som eigenkapital ved NIH sine faglege einingar og Senter for oppdragsforskning til vidare styrking av forskingsverksemda.

Balanse og likviditet

Unyttar midlar frå verksemda i 2004 er avsette som avsetningar for forpliktingar og eigenkapital. Eigenkapitalen utgjør totalt 3,2 millionar kroner. 1,3 millionar av dei blir disponerte av styret, og 1,9 millionar er overførde til underliggjande einingar.

Ved årsslutt hadde NIH 39,6 millionar kroner i omlaupsmidlar. 32,2 millionar av dei var likvide midlar plasserte i samsvar med statens konsernkontoordning. NIH har ikkje anleggsmidlar aktiverte i rekneskapan.

Utdanning og studium

Studentar og studiepoengproduksjon

Hausten 2004 var det registrert totalt 1212 studentar ved høgskolen, ikkje medrekna doktorgradsstudentar. 1035 av studentane var finansierte over NIHs grunnløyving. Dette er ein auke på 316 frå 2003, og det meste av auken ligg i dei deltidsbaserte vidareutdanningstilboda.

Høgskolen har sju 3-årige program på bachelornivå. Dei sju BA-programma er retta mot følgjande profesjonsretningar/ fagdisiplinar: trenar/coach; friluftsliv; fysisk aktivitet og helse; sport management; idrett, individ og samfunn; idrettsbiologi; idrettspedagog. På mastergradsstudiet blir desse fagområda vidareførde gjennom 13 ulike fagmodular som studentane kan velje mellom. I 2004 er det etablert ein ny integrert lærarutdanningsmodell i tillegg til den ordninga høgskolen har i dag med ei ett-årig praktisk-pedagogisk utdanning.

Høgskolen har hatt ein auke i studiepoengproduksjonen på ca. 39 eigenfinansierte heiltidsekvivalentar frå 2003. Årsaka til det høgare aktivitetsnivået er vidareutdanningane, der talet på kurs vart auka kraftig i 2004. Studiepoengproduksjonen på lågare grad vart redusert med 11 heiltidsekvivalentar frå 2003 til 2004, medan produksjonen på høgaregradsnivå var om lag den same som i 2003.

Talet på uteksaminerte kandidatar på lågare grad auka frå 24 til 49 frå 2003 til 2004. Auken kjem hovudsakleg av at studietida på lågare grad er redusert frå fire til tre år. Det vart uteksaminert 39 hovudfagskandidatar, om lag like mange som året før.

Gjennomføringsgrad blant dei studentane som har hatt ein utdanningsplan, var i 2004 på 86 % av planlagd gjennomføring. På høgare grad er gjennomføringsgraden lågare. For å auke gjennomstrøyminga på studia har høgskolen i samband med kvalitetsreforma organisert kvart semester i to undervisningsperiodar med ei eksamensveke etter kvar undervisningsperiode. Emna blir avslutta etter ein eller to periodar. I tillegg gjev det studentane høve til å gå opp til utsett eksamen fire gonger i året.



Kvalitetssikring

NIH melde tidlig interesse for at NOKUT skulle evaluere systemet for kvalitetssikring, og den sakkunnige komiteen besøkte NIH i april 2004. Før komitébesøket vart det arbeidd mykje med å dokumentere at systemet for kvalitetssikring inneheldt alle dei komponentane som trongst. Komiteen kom med rapporten sin i september, og styret i NOKUT hadde saka oppe i desember 2004. Systemet vart ikkje godkjent, men NIH fekk seks månader til å vidareutvikle det i tråd med tilrådinga frå komiteen og å oversende dokumentasjon om det.

Etter at komiteen kom med sin førebelse rapport om at systemet stod i fare for å bli underkjent, har høgskolen arbeidd med vidareutvikling og revisjon av systemet. Det er teke fatt i komiteen sine innvendingar mot tilstanden i april 2004, og mange av føresetnadene for å få godkjent systemet er no på plass eller i ferd med å kome i orden. Det gjeld mellom anna omorganiseringa, med innføring av ei klar ansvars- og myndighetsfordeling, som er ein føresetnad for forankring og styring av kvalitetsarbeidet. I den nye organisasjonsmodellen vil den faglege leiinga tidleg få indikasjonar på sviktande kvalitet i verksemda, slik at ein kan setje inn tiltak. Tiltaka blir så vurderte med tanke på om dei fremjar utdanningskvaliteten. Vidare blir komiteen sine innvendingar om målstrukturen for kvalitetsarbeidet tekne omsyn til i NIH sitt arbeid med ny strategisk plan for perioden 2006–2010.

Studentmobilitet

NIH har gjort avtalar med til saman 22 institusjonar for utveksling innanfor Erasmus/Socrates-programmet og deltek òg i Nordplus-nettverket. Høgskolen står overfor utfordringar med å auke studentutvekslingsaktiviteten i nettverka, og har dette som ein særskild målsetnad for åra som kjem. I 2004 har vi hatt 17 utanlandske studentar på over tre månader lange

utvekslingsopphald på høgskolen, og tre av våre egne studentar har hatt utvekslingsopphald ved utanlandske institusjonar.

Høgskolen har åtte studentar frå Afrika på kvoteprogram. Desse studentane tek utdanning både på lågare- og høgaregradsnivå. Høgskolen samarbeider framleis med Noregs idrettsforbund og Fredskorpset om eit opplegg for idrettsfredskorpsa i det sørlege Afrika. I 2004 har 25 studentar vore i Afrika i samband med dette studieprogrammet.

Etter- og vidareutdanning

Etter- og vidareutdanningsverksemda til Noregs idrettshøgskole hadde i 2004 ei omsetning i form av kursavgifter på 9,0 millionar kroner. Det blir først og fremst satsa på utvikling av studiepoenggejvande vidareutdanning, og særleg instruktørutdanning i fitness har hatt stor auke. Andre vidareutdanningsmarknader for NIH er skoleverket, trenarar og lokal turisme/friluftsliv.

I alle deltidsstudia har det vorte lagt opp til bruk av Classfrontier mellom samlingane som eit pedagogisk verktøy, men ingen av studia legg opp til rein fjernundervisning. Tilbakemeldinga frå både studentar og lærarar tyder på at dette verktøyet fungerer godt.

I 2004 arrangerte NIH seks store og åtte mindre etterutdanningstiltak for ulike grupper, og 1154 personar deltok på dei. Samla utgjorde desse tiltaka litt over 12.000 undervisningstimar.

Forskning, utvikling og formidling

Doktorgradsprogrammet ved Noregs idrettshøgskole

NIH tildelte sin første doktorgrad i 1989, og pr. 31.12.2004 hadde 50 personar teke dr.scient.-graden.





I 2004 vart 12 nye doktorgradsstudentar tekne opp på doktorgradsstudiet. Hausten 2004 hadde NIH 45 doktorgradsstudentar i programmet sitt, og av dei var 23 stillingar finansierte over NIH sitt budsjett, fem var finansierte av Noregs forskingsråd, og 17 hadde anna ekstern finansiering. Åtte kandidatar disputerte i 2004. I tillegg leverte tre kandidatar avhandlinga si til bedømming, men hadde enno ikkje disputert pr. 31.12.2004.

For å gjere det lettare for fagseksjonane å leggje langsiktige planar om rekruttering og satsing på vedtekne satsingsområde er stipendiatstillingane fordelte ut til seksjonane. Ei stipendiatstilling er øyremerkt tverrfaglege prosjekt.

Vitskaplege publikasjonar

Auken i NIHs produksjon av artiklar, fagbøker og andre vitskaplege publikasjonar har halde fram i 2004. Høgskolen er særleg nøgd med at talet på artiklar i internasjonale tidsskrift auka frå 57 i 2003 til 74 i 2004. I 2004 stod fast vitskapleg tilsette og anna personell med tilknytning til NIH for følgjande produksjon:

Det er gjennomført ei forskningsevaluering av fagmiljøa ved NIH i regi av NIFU. Gruppa overleverte rapporten i april 2004. Rapporten er presentert for alle tilsette og lagd fram for styret. Evalueringa kom med ei rekkje framlegg til tiltak for å betre forskings- og utviklingsarbeidet ved NIH. Fagseksjonane har utarbeidd oppfølgingsplanar for hovudområda i evalueringsrapporten som handlar om:

- 1) konsentrasjon/avgrensing av NIHs forskingsområde,
- 2) rekrutteringsstrategi og
- 3) organisering/samarbeid på tvers av miljø.

Planane vart lagde fram for styret 14. desember 2004. Dei er no ein del av grunnlaget for arbeidet med ny strategisk plan.

Både på grunnlag av målsetnader i strategisk plan og den eksterne evalueringa av FoU-verksemnda som vart gjennomført i 2004, har styret teke initiativ til auka spesialisering og konsentrasjon i forskinga. Dei nyoppretta seksjonane starta hausten 2004 ein prosess med sikte på å samle kreftene om eit avgrensa tal varige tyngdepunkt.

	Fast tilsette ved NIH	Stipendiatar og anna personell med tilknytning til NIH
Artiklar i internasjonale vitskaplege tidsskrift	38	36
Artiklar i nasjonale vitskaplege tidsskrift	3	3
Fagbøker/lærebøker	8	2
Kapittel i fagbøker/lærebøker	21	7
Andre vitskaplege rapportar utjevne utanfor institusjonen	13	1
Føredrag ved vitskaplege konferansar	161	74



Internasjonale forskingsaktivitetar

I tråd med NIHs internasjonale strategi, vart det i 2004 iverksett fleire tiltak for å auke den internasjonale FoU-aktiviteten. Med målsetnad om auka internasjonalt samarbeid og publisering vart det i 2004 gjeve økonomisk støtte til utanlandsopphald for fast vitskapleg tilsette. I tillegg vart det gjeve økonomisk støtte til utanlandsopphald i samband med skrivning av vitskaplege artiklar for fast vitskapleg tilsette. Totalt fekk fire vitskapleg tilsette økonomisk støtte til utanlandsopphald. Opphalda var frå to veker til fem månader lange.

Høgskolen har gjort ein samarbeidsavtale med University of California, Berkeley, USA om forskaropphald for stipendiatane sine og dei fast vitskapleg tilsette. Med i samarbeidsprosjektet, som går over fem år, er òg seks andre norske institusjonar. Intensjonen med samarbeidet er at forskarar frå Berkeley skal bli inviterte til Noreg samtidig som forskarar frå NIH får tilgang til ein kontorplass medan dei er på Berkeley. I 2004 hadde ein av dei kvinnelege førsteamannuansane ved NIH eit fem månaders forskingsopphald ved universitetet. Ein forskar frå USA hadde eit fem månaders forskaropphald ved NIH i 2004.

Formidling og populærvitskapleg verksemd

Noregs idrettshøgskole har dei siste åra lagt meir vekt på formidling og kommunikasjon. I 2004 vart det tilsett ein informasjonssjef i full stilling, og det vart utarbeidd ein revidert kommunikasjonsstrategi (2005–2007) med tilhøyrande handlingsplan. Sentrale mål i strategien er mellom anna å:

- ha god og hyppig kommunikasjon med media og interessentane våre
- tydeleggjere NIHs rolle i samfunnet
- leggje til rette for samarbeid og relasjonsbygging med viktige samarbeidspartnarar og interessentar for å profilere NIH og drive forskingsformidling.

Noregs idrettshøgskole lanserte i 2003 tidsskriftet *Moving Bodies*, som handlar om idrett og idrettsforskning. Målgruppa er forskarar og personar som arbeider med idrett i media, skoleverk og idrettsorganisasjonar, i tillegg til andre idrettsinteresserte. I 2004 vart eit av nummera utgjeve som ei samling artiklar som tok opp fenomenet kropp i rørsle frå ulike faglege innfallsvinklar. I tillegg vart det gjeve ut eit temanummer: "Sport og medier".

Dei tilsette ved høgskolen driv ei omfattande populærvitskapleg verksemd gjennom føredrag og kortare kursar for ulike institusjonar og organisasjonar. Senter for oppdragsforskning og kunnskapsbaserte tenester har levert ei rekkje rapportar om ulike tema knytte til fysisk aktivitet og helse til stat og kommunar, organisasjonar og det private næringslivet. Senteret har òg laga ein DVD om ulike symjeartar på oppdrag frå Noregs svømmeforbund.

I samband med forskingsdagane 2004 skipa Noregs idrettshøgskole til arrangement der det til saman deltok om lag 250 elevar og lærarar frå vidaregåande skolar med idrettsline.

NIHs bibliotek

Biblioteket ved NIH er det største idrettsbiblioteket i landet. Hovudtyngda ligg på idrettsrelaterte emne som idrettspsykologi, idrettshistorie, idrettspedagogikk, idrettsmedisin, anatomi og fysiologi.

For å imøtekomme studentane sin etterspurnad etter gruppearbeidsplassar med tilgang til dataverkty og litteratur er det planlagt og prosjektert bygging av eit læringscenter. Av budsjettgrunnar kan ikkje bygginga ta til før i 2006.

NIHs anlegg

Idrettshøgskolens bygg og anlegg blir primært nytta til undervisning og forskning. Den faglege profilen til NIH-studia, med



stort innslag av aktivitetsfag og med høve til spesialisering i mange idrettar, krev store areal og varierte anlegg. Omlegging av studium i samsvar med kvalitetsreforma har auka kravet til funksjonelle anlegg endå meir. Med vel 32.000 m² bygg og innandørs anlegg er areal pr. student svært høgt på NIH jamført med andre universitet og høgskolar.

NIH sine anlegg blir òg mykje nytta til utleigeverksemd, hovudsakleg timebasert utleige av anlegg til idrettslag og organisasjonar på kveldstid og i helgar.

Av 2004-budsjettet til høgskolen vart 11 millionar kroner avsette til det mest naudsynte vedlikehaldet av bygningar og idrettsanlegg, i tillegg til lovpålagde brannoppgraderingar. Trongen for vedlikehald og utbetringar er framleis stor, og høgskolen slit med knappe økonomiske ressursar til å dekkje vedlikehaldsbehovet.

Dei viktigste oppgraderings- og vedlikehaldsarbeida i 2004 har vore:

- **Brannvern**
NIH har i 2004 reorganisert brannvernorganisasjonen sin. Heile bygningsmassen er gjennomgått; nye brann-dører er monterte, og dei eksisterande er oppgraderte.
- **Internkontroll elektriske anlegg**
Arbeid med etablering av internkontroll av elektriske anlegg starta i 2004. I 2005 skal det utførast risikoanalyse og installasjonskontroll.
- **Lås og tryggleik**
For å auke tryggleiken utan å gjere anlegga for vanskeleg tilgjengelege, blir det etablert elektronisk tilgjengekontroll. I 2004 er det montert og implementert kortlåsssystem i eit av bygga, og systemet skal utviklast vidare i 2005.
- **Styrketreningsrom**
Rehabilitering av styrketreningsrom vart gjennomført i 2004. Det står att å ruste opp garderobane og dusjanlegga som er knytte til areala. Då vil ein òg

kunne tilby areala til eksterne brukarar.

- **Gymsalar**
Parkettgolva i to av salane er skifte ut.
- **ENØK-tiltak**
I 2004 vart alle lysarmaturar med PCB skifte ut, og varme-/fryseanlegget (varmepumpe) vart utbetra.

Oppnådde resultat sett i høve til den samla ressursinnsatsen

I 2004 har NIH hatt auke i studenttalet, i talet på produserte studiepoeng, i talet på lågaregrads- og doktorgradskandidatar og i forskingsproduksjonen. Framleis har vi òg ein kontrollert økonomisk situasjon. På bakgrunn av dette bør vi vere godt nøgde med resultatane våre i 2004.

Vidare trur vi at vi har oppnådd eit svært godt "resultat" med omorganiseringa av den faglege verksemda. Etter eit halvt års drift med ny organisering er det for tidleg å hauste konkrete faglege eller økonomiske vinstar, men på litt lengre sikt er det von om slike vinstar. Vi trur at ein sterkare konsentrasjon av FoU-ressursar til spissa og tyngre miljø, saman med klårare styringslinjer, vil auke både produktivitet og trivsel blant dei tilsette.

Jamvel om resultatane har vore gode i 2004, er vi ikkje udelte nøgde med den ressursinnsatsen resultatane har kravd. Dette gjeld mest studieverksemda vår. Dei nye bachelor- og masterstudia gjev studentane mange valalternativ og har vorte godt mottekne av studentane. På den andre sida har dei vorte svært ressurskrevjande. Det kan sjå ut til at tilbodet av program og emne er for ambisiøst, og at det trengst snarlege ressurstilpassingar. I 2005 vil vi med utgangspunkt i dette gå gjennom heile studieporteføljen.

På anleggssida meiner vi at ressursane har vorte fornuftig nytta. Likevel er kostnadsnivået for jamvel det mest naudsynte vedlikehaldet urovekkjande høgt. Eit



aldrande bygg, med etappevis utbygging, gjer det tungvint og dyrt å oppfylle dei krava som blir stilte til miljø og tryggleik.

STRATEGISKE PLANAR OG UTFORDRINGAR

Idrettshøgskolen sin visjon er å vere ein av dei leiande undervisnings- og forskingsinstitusjonane i Europa på fagfeltet idrettsvitenskap. For å nå denne posisjonen er høgskolen nøydd til å produsere forskning, studieprogram og undervisning med høg kvalitet og relevans, og hovudmåla i NIHs strategiske planar dreier seg nettopp om kvaliteten på og omfanget av forskinga, relevansen til studieprogramma og kvaliteten på undervisninga.

I 2006 går vi inn i ein ny strategisk planperiode. Arbeidet med utvikling av strategisk plan for perioden 2006–2010 er i gang, og igjen blir det lagt vekt på kvalitet og relevans. Dette krev prioritering av og konsentrasjon om dei mest sentrale fagområde og tema både i utdannings- og forskingsverksemda.

Organisasjon

NIH har no ei organisering av fagleg verksemd som i seg sjølv gjev uttrykk for ei strategisk satsing på dei fagfelta som blir rekna for å vere høgskolen sitt nasjonale ansvar. Mindre organisatoriske einingar, leidde av leiarar med eit heilskapleg og tydeleg resultatansvar, fremjar også god prioritering av knappe ressursar og dermed òg konsentrasjon om dei viktigaste fag og tema.

Utdanning og studium

God søking til NIHs studieprogram og positive gjennomføringstal på dei nye bachelorprogramma gjer at vi ser lyst på studiesituasjonen ved NIH. Men det ligg store utfordringar i å vidareutvikle dei nye studia i åra som kjem. Ved omlegginga av studieprogramma vart det utvikla mange nye modular, og studentane fekk mykje meir å velje mellom. No har NIH hausta

røynsler med variasjonsbreidda i to år, og det viser seg at det er trong for å spisse tilbodet ved å redusere talet på valfrie modular både på lågare og høgare grad.

NOKUTs sakkunnige komité, som skal vurdere NIHs system for kvalitetssikring, kjem til NIH i juni 2005. I tida framover skal det sikrast at mål, organisering, rutinar og prosessar for kvalitetsarbeidet blir del av eit heilskapleg system der informasjon og analyse utgjer grunnlaget for strategiske tiltak.

Jamvel om det er vorte betre gjennomstrøyming i studia ved NIH, er det iverksett tiltak for å auke gjennomstrøyminga. Særleg gjeld det masterstudiet, der det no blir lagt opp til meir strukturerte rettleiingsopplegg, strengare krav til skriftlege innleveringar undervegs i studiet og fokus på gode prosjektskildringar med føremålstenlege faglege avgrensingar på problemområdet.

I det vidare arbeidet med kvalitetsreforma vil NIH fokusere på internasjonalisering, og særleg på auka studentutveksling. Det nye Erasmus Mundus-programmet vil bli eit godt bidrag til auka internasjonalisering, men set òg store krav til organisering og praktisk tilrettelegging. NIH har utvekslingsavtalar med mange utanlandske institusjonar, men har likevel altfor få utreisande studentar. Det blir ei viktig oppgåve å finne årsaka til den manglande interessa og setje i verk tiltak som stimulerer studentane til å søkje ut.

Høgskolen har hatt stor auke i kompetansegevande vidareutdanning i form av deltidsstudium. Utfordringa på dette området blir å nå brukargrupper også utanfor NIHs tradisjonelle lærar-/trenar-marknad. I tillegg ønskjer NIH å kome i tettare dialog med NIF og særforbunda om ei topptrenar-/coachingutdanning.



Forskning og utvikling

NIHs forskningsproduksjon har auka i 2004, som i 2003. Dette er viktig, særleg fordi forskningsproduksjonen no vil få direkte innverknad på løyvingane frå UFD til NIH. For å produsere forskning av høg kvalitet i fagseksjonane blir det no arbeidd med å utvikle klare tematiske tyngdepunkt for forskinga. Det blir òg ei viktig oppgåve å leggje til rette for større tverrfaglege og tverrseksjonelle satsingar. I forskningsevalueringa som i regi av NIFU vart gjennomført på NIH i 2004, vart nettopp konsentrasjon av forskingsområde og samarbeid på tvers av fagmiljø framheva som avgjerande suksessfaktorar.

Doktorgradsutdanninga ved NIH er – og bør vere – kvalitetsdrivande for forskinga til NIH. Stipendiatstillingar er eit viktig strategisk FoU-verkemiddel. For å gjere det lettare for fagseksjonane å planleggje langsiktige forskingssatsingar, meiner NIH det er viktig at seksjonsleiar får fullmakt til å rekruttere stipendiatar på vedtekne satsingsområde.

Internasjonalt forskningssamarbeid er både eit mål i seg sjølv og eit middel til å auke omfanget av og heve kvaliteten på forskinga. Som i 2004 vil det i åra framover bli gjeve økonomisk støtte til utanlandsopphald for fast vitenskapleg tilsette og stipendiatar – både til kortare reiser til konferansar og til lengre opphald på utanlandske utdannings- og forskingsinstitusjonar. NIH ser det òg som viktig å arrangere internasjonale konferansar sjølv. I 2005 skal NIH gjennomføre kongressen "First World Congress on Injury Prevention". Høgskolen har òg som mål å kunne arrangere konferansen "The European College of Sport Science" i 2009.

Rekruttering

Rekruttering av rett kompetanse er ei strategisk utfordring for NIH. Alderssamansetninga i organisasjonen

gjer at mange kjem til å gå av med pensjon i dei nærmaste åra. Det vil seie at viktig kompetanse skal erstattast. Dette blir krevjande, men det skaper samtidig eit unikt høve til å skreddarsy organisasjonens kompetanse for dei strategiske satsingane våre. Høgskolen sine stipendiatar er ei viktig rekrutteringskjelde, særleg på ein spesialisert institusjon som NIH, for det kan vere vanskeleg å finne høgt kvalifiserte personar på høgskolens fagfelt utanfor NIH.

Rekrutteringsstrategiar som gjer det mogleg å styrkje dei aktivitetsbaserte faga, blir viktig. Ein variert og fleksibel tilsetjingspolitikk både med omsyn til kvalifikasjonskrav og fordeling av arbeidstid på forskning og undervisning, kan gjere det lettare for NIH å tiltrekke seg aktivitetsrelatert kompetanse og å utnytte kompetansen effektivt.

Bygg og anlegg

NIHs bygg og anlegg kan òg oppfattast som ei strategisk utfordring, sidan høgskolen si undervisnings- og forskingsverksemd er så avhengig av høvelege idrettsanlegg og laboratorium.

I den siste tida har høgskolen utarbeidd tilstandsrapportar som avgjerdsgrunnlag for prioriteringar av vedlikehaldstiltak på kort og lang sikt. Tilstandsvurderingane har avdekt eit stort behov for oppgradering av bygningar med tanke på brannvern, oppgraderingar av dei tekniske anlegga og generelle oppgraderingar av bygningsmasse og idrettsanlegg. Dersom ikkje høgskolen sine bygningar og idrettsanlegg skal forfalle, og dersom skolen skal vere ein trygg studie- og arbeidsstad, trengst det store ekstramidlar til rehabilitering og tyngre vedlikehald i åra som kjem.

Noregs idrettshøgskole, 16. mars 2005


Gunnar Breivik
Styreleiar


Inger Åshild By


Tore Sundby


Kari Kjennstalen


Leif Rosén


Magnhild Sundli Brennvall


Marit Sørensen



Kari Anne Kvam


Sven Mollekleiv


Christian Nilsen


Arne Børgeesen

Organisasjonskart



Årsregneskap 2004

RESULTATREGNSKAP

(Beløp i NOK 1000)

	Note	2004	2003*
Tilskudd fra UFD, andre departement og statlige etater	1	110 533	109 354
Tilskudd fra NFR	1	2 850	2 243
Inntekt fra eksternt finansiert virksomhet	1	20 346	13 890
Salg av eiendom, utstyr og lignende	1	5	4
Andre inntekter	1	8 225	7 098
Sum driftsinntekter		141 959	132 589
Lønnskostnader	2	(91 869)	(83 847)
Investeringer og påkostninger	3	(2 727)	(3 678)
Andre driftskostnader	4, 6	(48 645)	(42 928)
Sum driftskostnad		(143 241)	(130 453)
Driftsresultat		(1 282)	2 136
Netto avregning bevilgningsfinansiert virksomhet	13	1 374	(1 239)
Resultat etter avregning bevilgningsfinansiert virksomhet		92	897
Netto finansinntekt/(-kostnad)	5, 9	(37)	(10)
Ordinært resultat		55	887
Sum ekstraordinære poster		0	0
Resultat fra årets virksomhet		55	887
Resultat bevilgningsfinansiert virksomhet belastet egenkapital:			
Egenkapital ved enhetene		510	266
Annen egenkapital			
Resultat fra eksternt finansiert virksomhet		565	1 153
Disponering av resultat fra eksternt finansiert virksomhet:			
Til egenkapital ved enhetene	14	565	1 153
Til annen egenkapital		0	0
Sum fordelt		565	1 153

* Tallene fra 2003 er omarbeidet iht. nytt regnskapsprinsipp

BALANSE

(Beløp i NOK 1000)

	Note	2004	2003*
EIENDELER			
Kundefordringer	6	3 951	2 430
Prosjektfordringer	7	689	1 221
Andre fordringer	8	2 788	2 793
Bankinnskudd, kontanter og lignende	9	32 212	27 844
Sum eiendeler		39 640	34 288
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital ved enhetene	14	1 852	1 866
Annen egenkapital	15	1 348	1 279
Sum opptjent egenkapital		3 200	3 145
Avsatt andel av midler bevilgningsfinansiert virksomhet	13	7 855	9 229
Sum avsetninger for forpliktelser		7 8 55	9 229
Leverandørgjeld		3 935	3 337
Skyldige skattetrekk		3 876	3 103
Andre skyldige offentlige trekk	10	879	(875)
Skyldige offentlige avgifter	11	3 292	2 784
Avsatte feriepenger		7 205	6 591
Prosjektgjeld	7	4 094	3 702
Annen kortsiktig gjeld	12	5 304	3 272
Sum gjeld		28 585	21 914
Sum egenkapital og gjeld		39 640	34 288

* Tallene fra 2003 er omarbeidet iht. nytt regnskapsprinsipp



Noter til regnskapet

KONTANTSTRØMOPPSTILLING

(Beløp i NOK 1000)

	2004	2003
Driftsresultat etter avregning av bevilgningsfinansiert virksomhet	92	897
Kostnadsføring av driftsmidler	2 727	3 678
Endring i kundefordringer	(1 521)	(660)
Netto endring prosjektfordringer/-gjeld	924	(2 314)
Endring i leverandørgjeld	598	1 774
Endring i andre tidsavgrensingsposter:	5 686	(86)
(A) Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	8 506	3 289
Kostnadsføring av driftsmidler	2 727	3 678
(B) Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	2 727	3 678
Endring avsatt andel av øremerkede midler til bevilgningsfinansiert virksomhet	(386)	(408)
Endring avsatt andel av øvrige midler til bevilgningsfinansiert virksomhet	(988)	(1 648)
Netto finansinntekt/(-kostnad)	(37)	(10)
(C) Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	(1 411)	1 230
Sum ekstraordinære poster	-	-
(D) Netto kontantstrøm andre endringer	-	-
(E) Netto endring i bankinnskudd, kontanter og lignende (A-B+/-C+/-D)	4 368	841
(F) Beholdning av bankinnskudd, kontanter og lignende ved periodens begynnelse	27 844	27 003
BEHOLDNING AV BANKINNSKUDD, KONTANTER OG LIGNEDE VED PERIODENS SLUTT (F+/-E)	32 212	27 844
Spesifikasjon av kontantbeholdningen ved periodens slutt:		
Innskudd statens konsernkonto (ikke rentebærende)	32 212	27 844
Andre rentebærende bankinnskudd	-	-
Håndkasser og andre kontantbeholdninger	-	-
SUM BANKINNSKUDD OG KONTANTER	32 212	27 844

Note o: Regnskapsprinsipper

Anvendt regnskapsprinsipp

Fra og med regnskapsåret 2002 har Norges idrettshøgskole (NIH) vært unntatt fra brutto- budsjetteringsprinsippet. Som nettobudsjettert statsinstitusjon er årsregnskap for 2004 satt opp etter mal fra regnskapsloven og god regnskaps- skikk, tilpasset universitets- og høgskolesektoren.

Inntekter

Tilskudd fra UFD, statlige etater og NFR inntekts- føres iden perioden tilskuddet mottas. Øvrige inntekter resultatføres i den perioden rettigheten til inntekten er opptjent.

Det statlige bevilgningsreglementet tilsier at den andel av det statlige tilskuddet som ikke er benyttet ved regnskapsavslutningen, er å anse som en forpliktelse. Ved årsavslutning gjennom- føres avregning av mottatte midler mot faktisk forbrukte midler. Ubrukte midler føres som for- pliktelse i balansen.

Kostnader

Kostnader resultatføres i den perioden de er pådratt eller når det er identifisert en forplik- telse.

Prosjekter

Inntekten knyttet til prosjekter innenfor eksternt finansiert virksomhet (EFV) inntektsføres gjennom saldering av aktive prosjekter. Denne metoden tilsier at påløpte kostnader tilsvare fremdriften i prosjektet. Dette gir en periodisering som tilsva- rer løpende avregning uten fortjeneste.

Det foretas ikke en generell vurdering knyttet til latente tap i aktive prosjekter. Eventuelle tap kostnadsføres som hovedregel ved endelig kon- statering av eventuell underdekning i prosjektet når prosjektet avsluttes.

For aktive prosjekter hvor det er konstatert sann- synlig tap, avsettes det for latente tap.

Investeringer og påkostninger

Investeringer og påkostninger i eiendom, bygg og

utstyr balanseføres ikke i regnskapet. Slike anskaffelser kostnadsføres fortløpende. Balanse- og resultatregnskapet inkluderer derfor hen- holdsvis ikke driftsmidler eller avskrivninger. Investeringer defineres som anskaffelser større enn kr 30.000 og med en levetid utover tre år.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Eiendeler som er tilknyttet varekretsløpet er klas- sifisert som omløpsmidler. Fordringer klassifiseres som omløpsmidler hvis de skal tilbakebetales i løpet av ett år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterier lagt til grunn.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffel- seskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanse- føres til nominelt beløp på etableringstidspunk- tet.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for tap. Det er gjort fradrag for tap i samsvar med reglene i Statens økonomireglement. I tillegg er det fore- tatt uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

Internhandel

Alle vesentlige interne transaksjoner og mellom- værender er eliminert i finansregnskapet.

Pensjoner

De ansatte er tilknyttet Statens pensjonskasse (SPK). Det er ikke foretatt beregning eller avsetning for eventuell over-/underdekning i pensjonsordningen. Årets pensjonskostnad tilsvare årlig premie til SPK.

Valuta

Pengeposter i utenlandsk valuta er vurdert etter kursen ved regnskapsårets slutt.

Ekstraordinære poster

Transaksjoner som anses som uvanlige, uregel- messige og vesentlige klassifiseres som ekstra- ordinære.

Egenkapital

Universiteter og høgskoler kan kun opptjene egenkapital innenfor den eksternt finansierte

virksomheten (EFV). Ubenyttede midler innenfor den bevilgningsfinansierte virksomheten anses som en forpliktelse, med henvisning til gjennomføring av statsoppdraget.

Deler av de midlene som opptjenes innenfor EFV føres tilbake til organisasjonen og inngår i tilgjengelige midler til dekning av drift, anskaffelser eller andre forhold innenfor formålet til NIH. Midler som gjennom interne disponeringer er øremerket til slike formål, er klassifisert som egenkapital ved enhetene.

Kontantstrøm

Kontantstrømsoppstillingen følger den indirekte metode. Oppstillingen er dog

vesentlig tilpasset universitets- og høyskolesektoren. Tilpasningen er i første rekke knyttet til prinsippet om kostnadsføring av investeringer og at sektoren ikke har noen form for finansiering gjennom lån.

Kontoplan

Samtlige universiteter og høyskoler benytter NS 4102 som utgangspunkt for sin interne kontoplan. Det er gjort tilpasninger innenfor kontoklasse 4, som følge av at investeringer kostnadsføres fort-løpende. Anskaffelser som etter regnskapsloven ville blitt balanseført, kostnadsføres i kontoklasse 4.

Note 1 Spesifikasjon av driftsinntekter

(Alle beløp i NOK 1000)

	2004	2003
Årets tilskudd fra UFD	107 251	105 112
Årets tilskudd fra andre departement og statlige etater	3 282	4 242
Årets tilskudd fra UFD, andre departement og statlige etater	110 533	109 354
Årets tilskudd fra NFR	2 850	2 243
<i>Inntekt fra eksternt finansiert virksomhet (EFV):</i>		
Statlige etater	5 027	3 846
Kommunale og fylkeskommunale etater	713	941
Organisasjoner	2 566	2 824
Næringsliv/privat	12 011	6 245
EU		
Stiftelser		
Andre	29	34
Sum inntekt fra eksternt finansiert virksomhet (EFV)	20 346	13 890
<i>Salg av eiendom, utstyr og lignende</i>		
Salg av utstyr	5	4
Sum salg av eiendom, utstyr og lignende	5	4
<i>Andre inntekter:</i>		
Leieinntekter	6 790	6 201
Salg av kompendier/bøker/hefter	516	398
Studie-/eksamensavgift	4	8
Øvrige andre inntekter	915	491
Sum andre inntekter	8 225	7 098
Sum driftsinntekt	141 959	132 589

Note 2 Lønnskostnader, antall ansatte mm.

	2004	2003
Lønnskostnader		
Lønninger	(67 532)	(61 485)
Feriepenger	(7 964)	(7 310)
Arbeidsgiveravgift	(11 500)	(10 451)
Pensjonskostnader	(7 658)	(7 125)
Sykepenger og andre refusjoner	3 147	2 980
Andre ytelser	(362)	(456)
Sum lønnskostnader	(91 869)	(83 847)
Gjennomsnittlig antall årsverk i løpet av regnskapsåret	177	175

Note 3 Investeringer og påkostninger av driftsmidler

Som følge av statens økonomireglement blir alle anskaffelser og påkostninger kostnadsført løpende. Anskaffelser med en kostpris større enn kr. 30.000 enkeltvis og med en levetid utover 3 år anses som investeringer. Vedlikehold og mindre investeringer og påkostninger kostnadsføres som andre driftskostnader.

Regnskapsposten består av investeringer og påkostninger til:	2004	2003
Eiendom og bygg		
Teknisk, data- og undervisningsutstyr	(2 485)	(3 324)
Anleggsmaskiner og transportmidler	(130)	(132)
Kontormaskiner og annet inventar	(112)	(222)
Sum investeringer og påkostninger av driftsmidler	(2 727)	(3 678)

Note 4 Andre driftskostnader

Andre driftskostnader består av:	2004	2003
Husleie	(265)	(179)
Vedlikehold egne bygg og anlegg	(10 328)	(9 118)
Annet vedlikehold		(77)
Andre kostnader til drift av eiendom og lokaler	(9 796)	(8 695)
Mindre utstyrskaffelser	(3 804)	(2 797)
Konsulenter og andre kjøp av fremmedytelser	(5 123)	(4 706)
Reiser og diett	(6 620)	(6 045)
Kostnader til tele og data (ikke utstyrskaffelser)	(4 334)	(4 628)
Andre kontorkostnader	(6 991)	(5 689)
Øvrige driftskostnader	(1 384)	(994)
Sum andre driftskostnader	(48 645)	(42 928)

Note 5 Netto finansinntekt/(-kostnad)

	2004	2003
Finansinntekter		
Annen finansinntekt (agio)	1	1
Sum finansinntekter	1	1
Finanskostnader		
Rentekostnad	(37)	(10)
Annen finanskostnad	(1)	(1)
Sum finanskostnader	(38)	(11)

Note 6 Kundefordringer

	2004	2003						
Kundefordringer til pålydende	3 966	2 445						
Avsatt til latent tap	(15)	(15)						
Sum kundefordringer	3 951	2 430						
Kostnadsført tap utgjør	0	11						
Aldersfordeling kundefordringer:								
Antall dager	Ikke forfalt	1-30	31-60	61-90	91-180	181-360	> 360	Sum
2004	1 729	1 868	161	26	56	88	38	3 966
2003	1 437	309	178	52	129	317	23	2 445

Note 7 Prosjektfordringer/-gjeld

	2004	2003
Påløpt, ikke fakturert inntekt aktive prosjekter	689	1 221
Forskuddsfakturert inntekt aktive prosjekter	(4 094)	(3 702)
Netto prosjektfordring/(-gjeld)	(3 405)	(2 481)

Aktive prosjekter er nullstilt, slik at bidraget pr. 31.12. for aktive prosjekter utgjør kr 0. Påløpte kostnader er benyttet som estimat på fremdriften i prosjektet. Dette prinsippet er valgt som en tilnærming til løpende avregning uten fortjeneste, da NIH ikke har verktøy som gjør det mulig å vurdere status i det enkelte prosjekt løpende ved gjennomføring av prosjektet.

Det er ikke foretatt en generell vurdering knyttet til latente tap i aktive prosjekter, eventuelle tap kostnadsføres som hovedregel ved endelig konstatering av eventuell underdekning i prosjektet. Tap er først kjent ved avslutning av prosjektet.

Det er ikke konstatert sannsynlig tap i noen av de aktive prosjektene.

Note 8 Andre fordringer

	2004	2003
Fordringer på ansatte:		
Reiseforskudd	95	208
Personallån	228	15
Andre fordringer på ansatte	73	112
Sum fordringer på ansatte	396	335
Periodiseringer:		
Påløpt, ikke fakturert/mottatt andre inntekter:		1 579
Refusjoner	335	
Utleie	251	
Andre inntekter	165	
Forskuddsbetalte kostnader:		879
Tidsskrifter/databaseabonnement	538	
Lisenser/leie	367	
Øvrige kostnader	736	
Sum periodiseringer	2 392	2 458
Sum andre fordringer	2 788	2 793

Note 9 Bankinnskudd, kontanter og lignende

	2004	2003
Innskudd statens konsernkonto (ikke rentebærende)	32 212	27 844
Sum bankinnskudd og kontanter	32 212	27 844
Bundne bankinnskudd*	0	0

*Det er ikke krav om at universitetene/høgskolene oppbevarer skattetrekkmidler på egen bankkonto.

Note 10 Andre skyldige offentlige trekk

	2004	2003
Akontoinnbetaling til Statens pensjonskasse	(8 037)	(9 313)
Pensjonstrekk, pensjonstilskudd og forsikringstrekk	8 916	8 438
Sum andre skyldige offentlige trekk	879	(875)

Note 11 Skyldige offentlige avgifter

	2004	2003
Skyldig merverdiavgift	177	56
Skyldig arbeidsgiveravgift	3 115	2 728
Sum skyldige offentlige avgifter	3 292	2 784

Note 12 Annen kortsiktig gjeld

	2004	2003
Gjeld til ansatte:		
Reiseregninger	246	379
Annen gjeld til ansatte	1	45
Sum gjeld til ansatte	247	424
Periodiseringer:		
Mottatt/forskuddsfakturert andre inntekter	272	208
Påløpte kostnader:		
Påløpt lønn og honorar	1 322	1 340
Energi	693	488
ENØK-investeringer	636	
Andre investeringer bygg/anlegg	372	
Driftskostnader bygg/anlegg	1 318	
Øvrige påløpte kostnader	354	707
Sum periodiseringer	4 967	2 743
Øvrig kortsiktig gjeld		
Erasmusstipend	9	24
Observasjonskonto	46	55
Depositum	35	26
Sum øvrig kortsiktig gjeld	90	105
Sum annen kortsiktig gjeld	5 304	3 272

Note 13 Netto avregning bevilgningsfinansiert virksomhet

Det statlige bevilgningsreglementet tilsier at den andel av det statlige tilskuddet som ikke er benyttet ved regnskapsavslutningen er å anse som en forpliktelse. Tildelte, ubenyttede midler er avregnet som forpliktelse.

Det er foretatt følgende interne avsetninger til de angitte oppgaver/formål innenfor statsoppdraget:

	2004	2003	Endring
<i>NFR</i>			
Integrasjon av funksjonshemmede	106	46	60
Idrettslag i endring	2	111	(109)
Idrettslag i endring – Individualised Communities	180	264	(84)
Kjernemiljø – Idrettens omfang, uttrykksformer og sosiokulturelle betydning	24	24	0
Kjernemiljø – Det organiserte idrettslivet	49	60	(11)
Eldre og fysisk aktivitet	-	(271)	271
Den sosiale konstruksjon av barnekroppen	389	253	136
Idrett og religion	331	240	91
Storbyprosjekt	284	182	102
Idrett og etikk	50	82	(32)
Profesjonsutdanning i bevegelse	1	(6)	7
Natur, ungdom og idrett	27	(33)	60
Bærekraftig kystkultur?	161	-	161
Deltakelse i organisert ungdomsidrett	158	-	158
Sum NFR	1 762	952	810

Andre disponeringer

Tildeling UFD ENØK-tiltak	-	1 500	(1 500)
Tildeling UFD Nye gulv gymsaler	-	1 050	(1 050)
Tildeling UFD Brannsikring/vedlikehold	1 000	-	1 000
Tildeling UFD Vedlikeholdsoppgaver	400	-	400
Tildeling UFD IKT i lærerutdanningen	54	95	(41)
Tildeling UFD Lærerutdanning og praksis	78	83	(5)
Annumsmidler	864	794	70
Forskning	666	-	666
Undervisning	595	-	595
Kurs/seminar	175	-	175
Bygg/anlegg	2 261	-	2 261
Sum andre disponeringer	6 093	3 522	2 571
Udisponerte midler ved styret – generell avsetning	-	4 755	(4 755)
Sum avsatt andel av tilskudd til bevilgningsfinansiert virksomhet	7 855	9 229	(1 374)

Note 14 Egenkapital ved enhetene

NIH kan, som følge av det statlige bevilgningsreglementet, ikke etablere egenkapital innenfor den bevilgningsfinansierte virksomheten, se note 13. Opptjent egenkapital tilsvarer dermed resultatet fra den eksternt finansierte virksomheten.

Disponert andel av overskudd fra den eksternt finansierte virksomheten er presentert som egenkapital ved enhetene:

	2004	Ny avsetning 2004	Benyttet andel 2004	2003
Senter for oppdragsforskning	612	370	228	470
Institutt for idrettslige og biologiske fag	-	-	7	7
Institutt for samfunnsfag	-	-	150	150
Seksjon for fysisk prestasjonsevne	122	-	-	122
Seksjon for idrettsmedisinske fag	78	-	8	86
Seksjon for coaching og psykologi	443	195	60	308
Seksjon for kultur og samfunn	597	-	126	723
Sum egenkapital ved enhetene	1 852	565	579	1 866

Note 15 Annen egenkapital

NIH kan, som følge av det statlige bevilgningsreglementet, ikke etablere egenkapital innenfor den bevilgningsfinansierte virksomheten, se note 13. Opptjent egenkapital tilsvarer dermed resultatet fra den eksternt finansierte virksomheten.

Annen egenkapital tilsvarer tilgjengelig kapital etter at det er tatt hensyn til intern disponert andel av resultatet, se note 14.

Annen egenkapital 01.01.	1 279
Overført fra egenkapital ved enhetene	69
Underskudd bevilgningsfinansiert virksomhet belastet annen egenkapital	0
Overført til/fra bunden egenkapital ved investering i aksjer	0
Overført fra årets resultat	0
Annen egenkapital 31.12.	1 348

Revisjon av rekneskapen for 2004 for Noregs idrettshøgskole

I samsvar med lov om Riksrevisjonen av 7. mai 2004 er Riksrevisjonen revisor for Noregs idrettshøgskole.

Ved avslutninga av den årlege revisjonen utferdar Riksrevisjonen eit avsluttande revisjonsbrev (melding) som oppsummerer konklusjonane frå revisjonsarbeidet. Revisjonsbrevet blir først offentlig når Riksrevisjonen har rapportert om

resultata av revisjonen til Stortinget i oktober/november, jf. lov om Riksrevisjonen § 18.

Styret er orientert om resultatet av revisjonen for 2004.



Jostein Hallén, Ejgil Jespersen, Lars Tore Ronglan, Sigmund Loland og Roald Bahr

Frå institutt til seksjonar

Frå 1. august 2004 har idrettshøgskolen si faglege verksemd vore organisert i fem seksjonar i staden for to store institutt. Her har seksjonsleiarane sjølve fått presentere sin seksjon:

Seksjon for coaching og psykologi Av Lars Tore Ronglan

Seksjonen har kring 20 vitenskapleg tilsette, som forskar og underviser kring seksjonen sine tre faglege tyngdepunkt: idrettspsykologi, rørslepedagogikk og coaching. Idrettspsykologi kastar lys over idretts- og rørsleaktivitet både ut frå eit livsstils- / helseperspektiv (helsepsykologi, sosialpsykologi) og eit dugleiksperspektiv (bruksretta idrettspsykologi). Rørslepedagogikk er innretta mot læring og utvikling i vid forstand, der emne som identitetsutvikling og integrasjon er sentrale. Seksjonen har tydeleggjort coaching – idrettsfagleg rettleiing og tilrettelegging – som vårt tredje faglege tyngdepunkt. Seksjonen søkjer i kunnskapsutviklinga å integrere den breie aktivitetskompetansen vår (ballspel, friidrett, rørsleaktivitet i sal) med relevant idrettsvitenskapleg kunnskap.

På undervisningssida har seksjonen programansvar for bachelorkurset med fordjuping i trenarrolla i tillegg til ansvar for ei rekkje aktivitetsmodular og psykologi- og pedagogikkmodular på andre bachelorprogram. For å gjere trenarutdanninga vår endå meir relevant, arbeider vi med å utvikle eit tettare samarbeid med idrettsorganisasjonane. Seksjonen tilbyr tre fordjupingsmodular på master (idrettspsykologi, rørslepedagogikk og coaching). Dei to laboratoria våre – ballspel- og psykologilaboratoriet – blir aktivt nytta både i samband med undervisning, masteroppgåver og FoU.

Seksjon for coaching og psykologi vart i utgangspunktet sett saman av fagmiljø med ulik tradisjon og forankring på NIH. I løpet av året har seksjonen utvikla ein sterkare identitet som fagleg fellesskap.

Dette er ein styrke i det vidare arbeidet, ikkje minst når det gjeld å fremje tverrfagleg kunnskapsproduksjon som integrerer teoretiske perspektiv og praktisk idrettsleg kompetanse.

Seksjon for fysisk prestasjonsevne Av Jostein Hallén

Seksjon for fysisk prestasjonsevne har om lag 30 tilsette. Fagleg tyngdepunkt er menneskeleg prestasjonsevne. Gjennom undervisning og forskning bidreg vi til å skape forståing for kva som avgjer prestasjonsevna hos ulike grupper i ulike aktivitetar, og korleis prestasjonsevna kan påverkast gjennom trening. Seksjonen har eit spesielt ansvar for undervisning og forskning i idrettane ski, symjing, orientering og turn, i tillegg til integreringsfaga rørslelære og treningslære og dei idrettsbiologiske faga biomekanikk/rørsleanalyse, fysiologi og anatomi.

Seksjonen har ansvar for eitt bachelorprogram og to masterprogram i idrettsvitenskap:

- Bachelor i idrettsvitenskap – idrettsbiologi
- Master i idrettsvitenskap – idrettsfysiologi
- Master i idrettsvitenskap – biomekanikk og rørsleanalyse

Seksjonen legg særleg vekt på forskingstema teknikk, uthald og muskelstyrke knytta til menneskeleg prestasjonsevne. Forskinga tek sikte på å utvikle generell forståing for desse emna så vel som spesiell kunnskap retta mot einskildidrettar. Hovudidretten vår i forskingssamanheng er langrenn, men vi driv òg mykje forskning på idrettane symjing, orientering, alpint, sykling og golf, med ein stipendiat/ doktorgrad på kvar idrett. Forskinga er òg retta mot fysisk form i befolkninga generelt og mot fysisk prestasjonsevne og trening av pasientar (særleg lunge- og hjartepasientar). Seksjonen har svært gode forskingslaboratorium og utstyr som høver særleg for studium av menneske i rørsle.



Seksjonen står overfor store utfordringar knytte til avgang for aldersgrensa. Vi har klart å halde oppe kompetansen i idrettane våre, men pga. omorganisering har vi berre delvis erstatta alle avgangane innanfor biomekanikk, fysiologi og anatomi. De næraste åra vil vi lyse ut nye stillingar på desse fagområda.

Seksjon for kultur og samfunn Av Sigmund Loland

Seksjon for kultur og samfunn har kring 15 fast og mellombels vitenskapleg tilsette. Seksjonen er sett saman av fagmiljøa innanfor idrettsosjologi, idrettshistorie, idrettsfilosofi, sport management og til dels fysisk aktivitet og funksjonshemming.

Seksjon for kultur og samfunn driv undervisning og forskning ut frå samfunnsvitenskaplege og humanistiske perspektiv. Idrett blir sett på som praksisfelt for danning og omdanning av meining, identitet og verdiar. Fokus ligg på sosiale og institusjonelle strukturar så vel som på individuell røynsle og handling.

Når det gjeld undervisning, har seksjonen ansvar for mellom anna idrett og samfunn på 1. året i bachelorkurset og for bachelorretningane idrett, individ og samfunn og sport management i tillegg til eittårsstudiet idrett, kultur og utviklingsamarbeid. På masternivå tilbyr seksjonen tre fagmodular, innanfor idrettsosjologi, sport management og idrettsfilosofi/historie. Seksjonstilsette har òg ansvar for undervisning i metode og vitenskapsteori på fleire nivå.

Når det gjeld forskning, har seksjonen fleire større prosjekt med fleirfaglege perspektiv. Nokre prosjekt handlar om kjønnsrelasjonar i idretten. Dei omfattar også internasjonale komparative studiar av idrettsstudenter og utøvarar si oppleving av kjønn. Organisasjonsteoretisk

orienterte prosjekt undersøker idrettspolitiske prosessar, mellom anna i høve til demokratisk representasjon og kjønn. I samarbeid med Seksjon for coaching og psykologi blir det gjennomført ei større undersøking av psykososiale sider ved organisert ungdomsidrett. Frå idrettshistoriske perspektiv blir det mellom anna forska på idrett og nasjonal og kulturell identitet. Idrettsfilosofiske undersøkingar tematiserer idrettens eigenart og etikk.

Seksjon for kroppsøving og pedagogikk Av Ejgil Jespersen

Seksjon for kroppsøving og pedagogikk har rundt 15 tilsette i undervisnings- og forskarstillingar innanfor utdanning av kroppsøvingslærarar, spesialpedagogar i tilpassa fysisk aktivitet og rettleiarar i friluftsliv. Leik, dans, friluftsliv og vassaktivitetar i og utanfor skolen er tyngdepunkt på aktivitetssida.

På undervisningssida er seksjonen inne i ein utviklingsfase, og det blir arbeid med etablering av ei ny faglærarutdanning i kroppsøving og idrettsfag frå hausten 2005. Parallelt skal den eksisterande praktisk-pedagogiske utdanninga av kroppsøvingslærarar vidareførast. På kroppsøvingsområdet er seksjonen også ansvarleg for ein fordjupingsmodul på masternivå (kroppsøving i skole og lærarutdanning), og for deltidsstudiar i kroppsøving.

Eit anna hovudområde på seksjonen er tilpassa fysisk aktivitet for funksjonshemma. Her er seksjonen ansvarleg for både eit årskurs og ein fordjupingsmodul på masternivå i fysisk aktivitet og funksjonshemming. Seksjonen er ansvarleg for bachelor-, master- og deltidsstudiar i friluftsliv. Snart blir vi ein del av eit internasjonalt universitetsnettverk som tilbyr ein eittårig Erasmus Mundus Master i Adapted Physical Activity.

Mykje av undervisninga på desse hovud-

områda er røynsle- og utviklingsbasert. Men det er behov for å styrkje forskings- sida av utdanningane. I tida som kjem, ventar vi ei kraftig utviding av forskning- saktivitetane, m.a. gjennom å styrkje det internasjonale forskings- og utdannings- samarbeidet og gjennom å auke talet på doktorgradsstudentar og forskarstillingar.

Seksjon for idrettsmedisinske fag

Av Roald Bahr

Seksjon for idrettsmedisinske fag har for tida om lag 40 vitskapleg tilsette i faste og mellombelse stillingar, og 30 av stillingane er finansierte gjennom eksterne midlar.

Seksjon for idrettsmedisinske fag har i dag studietilbod på bachelor- og master- nivå i fysisk aktivitet og helse. Det har vore stabilt stor søking til studia fysisk aktivitet og helse på alle nivå dei seinare åra.

Seksjonen starta i 2004 førebuingar i samarbeid med faggruppa i idrettsfysio- terapi for å etablere eit eige masterpro- gram i idrettsfysioterapi. Satsinga på eit mastergradsstudium i idrettsfysioterapi og forskning på aktiv rehabilitering er i sam- svar med seksjonen si satsing på å byggje opp eit tverrfagleg miljø med høg idretts- fagleg og medisinsk kompetanse i samar- beid med andre fagmiljø ved NIH, Toppidrettsenteret, NIMI og Ortopedisk senter ved Ullevål universitetssykehus. Forskingsaktiviteten er konsentrert om fem hovudområde:

Førebygging av idrettsskadar

Forskinga på førebygging av idrettsskadar er organisert gjennom Senter for idretts- skadeforsking. Senteret er etablert som leiande i eit nasjonalt og internasjonalt nettverk for forskning på feltet. Det over- ordna målet til senteret er å utvikle metodar for å førebyggje idrettsskadar,

både i barne- og ungdomsidretten og på elitenivå. Gjennom nye tildelingar vart senteret i desember 2004 sikra vidare drift i tre år, med finansiering frå Helse Øst, Kultur- og kyrkjedepartementet, Pfizer AS, Norsk Tipping/NIF, FIFA og prosjektstøtte på ulike prosjekt. Senter for idrettsskade- forskning har òg fått status som Helse Øst- forskingsgruppe.

Kvinner, trening og helse

På dette området har vi kring 30 prosjekt, som kan delast inn i to hovudområde:
1) Skadeverknader av idrett hjå kvinnelege utøvarar – med hovudfokus på den kvinnelege utøvartriaden (eteforstyrningar, menstruasjonsforstyrningar og redusert beinmasse), og
2) Basal- og intervensjonsforskning på effekten av spesifikk og tilpassa trening for kvinner, kontrollerte behandlings- studium og utprøving av førebyggjande tiltak.

Fysisk aktivitet og helse

Vi arbeider med over 30 prosjekt der vi ser på effekten av fysisk aktivitet og uthalds- og styrketrening brukt i så vel førebyggjande som behandlande augne- méd på ulike nivå i og utanfor helsevese- net. Målsettinga er å undersøkje kva ulike former for fysisk aktivitet og spesifikk tre- ning har å seie for ulike helseplager, sjukdom og livskvalitet. Det er etablert eit nært samarbeid med forskarar ved andre institusjonar. I tillegg deltar forskargrup- per frå både Sverige, Danmark, Estland, Portugal, England, New Zealand, Australia og Nederland i ulike prosjekt.

Overvaking av fysisk aktivitet og fysisk form

På dette feltet er det igangsett fleire studium, både av born, vaksne og eldre. Seksjonen arbeider òg med å utvikle målemetodar som eignar seg i befolk-

ningsundersøkingar for overvaking av fysisk aktivitet. Ulike faktorar som fører til inaktivitet eller betra fysisk form, blir målte.

Aktiv rehabilitering av muskel-/ skjelettlidingar

Norsk senter for aktiv rehabilitering (NAR) er eit formelt forskingssamarbeid mellom Ortopedisk senter ved Ullevål universitets- sykehus og Norsk idrettsmedisinsk institutt (NIMI). Utvikling av og implementering av metodar for å vurdere funksjonsevne hos individ står heilt sentralt når ein skal til- passe ein høveleg progresjon og oppnå treningseffekt for enkeltindividet. NIH har sidan starten ikkje vore formell part i dette forskingssamarbeidet, men uformelt har NAR likevel vore etablert ved NIH.





JA, vi trivst!

I den årlege stud.mag.-undersøkinga har NIH i fleire år på rad skåra høgast av alle universitet og høgskolar når det gjeld sosialt miljø og nøgde studentar. Stemmer det verkeleg at studentane våre er så nøgde med studietilværet sitt?

Marte Bordal Barmoen (masterstudent), **Ida Brænden** (trening for born og unge) og **Christopher Vik** (fysisk aktivitet og helse) stilte velviljug opp i eksamenstida for å snakke litt om korleis studentane har det på idrettshøgskolen.

–Vi blir veldig samansveisa gjennom mykje aktivitet på timeplanen – særleg det første året, byrjar Marte. Ved å vere mykje i lag, leike, trene og dra på tur blir vi fort godt kjent. Ikkje alle meistrar alle aktivitetar like godt, og vi hjelper og stør opp om kvarandre. Rulle på bom var til dømes ikkje mi sterke side i turn på grunnfag ... –At alle har felles interesse for trening og fysisk aktivitet, gjer jo at vi trivst med å gjere dei same tinga, seier Christopher.

–Sjølv om grunnfag var spesielt sosialt, er kvardagen vår temmeleg annleis enn den mange opplever på universitetet, held Ida fram. –I tillegg til all aktivitet arbeider vi mykje med gruppeoppgåver, seier Marte. –Eg som har opplevd å vere student før og etter kvalitetsreforma, merkar heilt klårt at undervisninga er vorten meir variert, og at studentane blir meir aktivt involverte etter reforma. Mange av oss bur nesten på skolen; vi har førelesingar, gjer gruppeoppgåver, har kollokvium, trenar og styrer rundt med dei same menneska heile dagen. –Kantina er helt klårt ein sosial samlingsstad på skolen, supplerer Ida.

Kva med fagleg og pedagogisk innhald i studia? –Dei fleste førelesingane er gode, med variert innhald og høg grad av studentaktivitet, seier Christopher. –Eg saknar likevel fleire førelesingar og synest innimellom det blir mykje sjølvstudium

og høge krav til sjølvstendig jobbing. –Det totale læringsmiljøet er viktig for å ha ein god studiekvardag og oppnå tilfredsstillande progresjon og resultat, seier Marte. –Enkelt sagt handlar det om å disponere funksjonelle lokale med det nødvendige utstyret og få hjelp til det du treng.

Kva skil NIH-studentane frå andre studentar? –For utanforståande er det truleg klesstilen, kjem det kjapt frå Christopher. Her går det naturleg nok mykje i treningsklede, og spørsmålet er snarare kven som har den kulaste joggedressen, enn kven som har den finaste designerbuksa. Stilen her er sporty og kul, og studentane er sosiale, sporty, omgjengelege og kontaktsøkjande. Elles er vi ein samansett gjeng med studentar i ulik alder frå alle delar av landet og utlandet. Interessa for idrett er det vi har felles, og er vår motivasjon for å studere her.

